

Saksprotokoll i kontrollutvalet - 15.02.2021

Handsaming i møte

Forvaltningsrevisor i Deloitte, Ingrid Kalsnes, orienterte om status i arbeidet med forvaltningsrevisjon innan tannhelse og svarte på spørsmål frå kontrollutvalet.

Det kom m.a. fram at det er usikkert at dei kan klare å levere revisjonsrapporten til 01.03.2021. Sidan rapporten likevel ikkje vi komme til handsaming i fylkestinget før i juni 2021 vart utvalet samde om ny frist for levering av revisjonsrapport til 19.04.2021 slik at den kan handsamast i kontrollutvalet 10.05.2021.

Med desse endringane i punkt 2 vart slikt vedtak samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Kontrollutvalet tek informasjonen til orientering.
2. Kontrollutvalet ber om at revisjonsrapport for forvaltningsrevisjon av tannhelse vert send sekretariatet innan 19.04.2021 slik at den er klar til handsaming i møte i utvalet 10.05.2021.